



Hatina Norwecê

À komme til Noreg

- ✎ Aamiina
- 👤 Julie Cornelia van Walsum
- 💬 Hebûn Stembar
- 📊 5
- 🗣️ کورمانجی / nynorsk



Di Kanûna 2016an de ez û du birayên xwe hatin Norwêcê. Me cil û bergên havînê li xwe kiribûn ji ber ku me bawer dikir ku Norwêc dê bi qasî Somaliyê germ bibe. Lêbelê dema ku em gihîstin balafirgehê berf barî. Germahi sar bû, û em sar bûn. Digel ku me çend valîz birin jî, ew tenê bi cilên havînê tijî bûn.

...

Dei to brørne mine og eg kom til Noreg i desember 2016. Vi hadde på oss sommarklede fordi vi trudde det ville vere like varmt i Noreg som i Somalia. Men då vi kom til flyplassen, snødde det. Vi fraus og vêret var kaldt. Sjølv om vi hadde med oss nokre koffertar, inneheldt dei berre sommarklede.



Her çend hewa serma bû jî, gava em gihîştin Norwêcê ez gelek kêfxweş bûm. Di dawiyê de ez ê dîsa diya xwe ya ku şeş sal in min nedîtibû, dîsa bibînim. Diya min û du hevalên xwe em pêşwazî kirin. Dema me ew dît em ji şahiyê giriyan. Em çûn bajarê biçûk ku diya min lê dima.

...

Sjølv om det var kaldt, var eg veldig glad då vi kom til Noreg. Eg kunne endeleg møte mamma att, som eg ikkje hadde sett på seks år. Mamma og to av venninnene hennar møtte oss. Då vi møtte mamma att, gret vi av glede. Mamma bur i ein liten by, så vi køyrde dit.



Rojên pêşî yên li bajarê diya min gelek xerîb bûn. Serma û berf dibarî û tiştê ku bihata dîtin tune bû. Kolan bi tevahî vala bûn. Çend kesên ku min nas kirin sar û nedostan xuya dikirin. Li Somaliyê li her derê mirov hebûn, ji ber vê yekê her tişt li vir xerîb bû. Dayîka min û hevalên xwe hinek diyarî dan me û paşê em birin ku cilên zivistanê bikin.

...

Dei første dagane i byen til mamma var veldig merkelege. Det var kaldt, det snødde og det var lite å sjå. Gatene var heilt folketomme. Dei få personane eg møtte, verka kalde og uvennlege. I Somalia er det folk overalt, så alt kjendest uvant her. Mammaa mi og venninnene hennar gav oss gåver, og ho tok oss med for å kjøpe vinterklede.



Piştî betlaneya Noelê ez li navenda perwerdehiya mezinan beşdarî kursa norwecî bûm. Min du salan li wir xwend berî ku dest bi dibistaneke asayî bikim. Niha ez di sala xwe ya dawîn de me û min gelek hevalên nû çêkirin. Ez miroveke pir civakî me û ji hevnasîna kesên din kêfxweş dibim.

...

Etter juleferien byrja eg på norskkurs på vaksenopplæringscenteret. Eg gjekk der i to år før eg byrja på ein vanleg skule. No går eg siste året, og eg har fått mange nye venner. Eg er veldig sosial og eg er glad i å møte andre.



Ez piştî dibistanê diçim navendek ku ji bî dilxwazan ve tê rêve kirin da ku di karên xwe yên malê de li alîkariyê bigerim. Min jî qeyda dersa dirûtinê ya navendê kir.

...

Etter skulen drar eg til Frivilligsentralen for å få hjelp med leksene. Eg har òg byrja på eit sykurs der.



Li Somaliyê ez qet neçûm dibistanê jî bilî mekteba Quranê ez neçûm tu kursê. Min nizanîbû bixwînîm û binivîsim. Niha ez hînî nivîsîna somalî û norwecî û gelek mijarên din bûm. Bêyî perwerdehiyê min hîs kir ku ez ne tu tiştek im. Niha ez xwe zana û bextewer hîs dikim.

...

I Somalia fekk eg aldri moglegheit til å gå på skule eller ta eit kurs, bortsett frå koranskule. Eg kunne ikkje lese eller skrive. No har eg lært å skrive på både somali og norsk, og mange andre fag. Utan utdanning følte eg at eg ikkje var nokon. No føler eg meg kunnskapsrik og glad.



Di sala be de ez ê di beşa tenduristî û pêşveçûna ciwanan de dest bi dibistana navîn bikim. Di pêşerojê de ez dixwazim bibim xebatkarê ciwanan. Dema ku min xwendina xwe qedand, xewna min ew e ku bibim karekî daîmî. Ez jî dixwazim fêrî ajotinê bibim û ehliyeta xwe bistînim.

...

Neste år skal eg byrje på helse- og oppvekstfag på vidaregåande skule. I framtida vil eg bli barne- og ungdomsarbeidar. Når eg er ferdig med utdanninga mi, drøymer eg om å få meg ein fast jobb. Eg vil òg lære å køyre bil og ta førarkort.



Heke ez li Somaliyê bimama, ez bawer dikim ku ez ê heya niha bibûma dayîk. Dibe ku heta niha gelek zarokên min çêbûna. Heke ez li Somaliyê bibûma, dê îmkanên min ên niha nebûna. Ez xwe bişans hîs dikim ku li Norwecê dijîm.

...

Viss eg framleis hadde budd i Somalia, hadde eg kanskje vore mor no. Kanskje eg hadde fått mange barn allereie. Viss eg hadde vore i Somalia, ville eg ikkje hatt dei same moglegheitene som eg har fått no. Eg føler meg heldig som bur i Noreg.



LIDA Stories

lidastories.net

Hatina Norwecê

Å komme til Noreg

 Aamiina

 Julie Cornelia van Walsum

 Hebûn Stembar (kmr), Espen Stranger-Johannessen (nn)

